



Til grunneigarar, offentlege etatar, lag, organisasjonar, bedrifter og andre med verksemd i verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Dykkar ref.

Vår ref. (oppgi ved svar)
Sak nr. 2014/2596 / FMROAOD

Dato
18.06.2014

HØRING AV FORSLAG TIL REVIDERT FORVALTNINGSPLAN FOR VERNEOMRÅDA I SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE OG FRAFJORDHEIANE

Verneområdestyret sender med dette forslaget til revidert forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane ut på lokal og sentral høring. Høringa er open slik at alle som ønskjer det kan komme med uttale.

Verneområdestyret vil gjere merksam på at den endelige utgåva av forvaltningsplanen vil få betre lay-out og betre teknisk kvalitet enn høringsdokumentet. Det vil og bli gjennomført ei oppretting av skrivefeil og alle vedlegg vil komme på plass.

Vi ber om kommentarar og innspel på mellom anna følgjande tema:

- Faktafeil, feil namnbruk m.v.
- Tema som ikkje er tilstrekkeleg omtalt i forvaltningsplanen
- Konkrete innspel på planen sine framlegg til forvaltningsmål, retningslinjer og tiltak

Fristen for å komme med uttale er sett til **1. november 2014**.

Du kan komme med uttale på følgjande måtar:

E-post: alf.odden@svr.no
Brev: Alf Odden, SVR, Sandsveien 11, 4230 Sand
Telefon: 48044583 (Verneområdeforvaltar Alf Odden)
Personlig frammøte: Det blir skipa til folkemøte og opne kontordagar i alle kommunane hausten 2014. Desse vil bli nærmere annonser i august.

Etter høringsfristen vil verneområdestyret gjennomgå og samanfatte dei innkomne merknadane, og gjere naudsynte endringar i planen. Endelig forvaltningsplan skal godkjennast av Miljødirektoratet.

Du kan få tilgang på forslaget forvaltningsplan på følgjande måtar:

Planen kan lastast ned elektronisk frå verneområdestyret sine nettsider www.svr.no under fana Ny forvaltningsplan

Du kan få planen tilsendt på papir eller elektronisk ved å kontakte verneområdestyret.

Aust Agder: Tarjei Haugen, e-post: tarjei.haugen@svr.no, tlf: 97643672

Vest Agder: Guro Sødergren, e-post: gso@fmva.no, tlf: 90505902

Rogaland: Alf Odden, e-post: alf.odd़en@svr.no, tlf: 48044583

Planen ligg og ute til gjennomsyn i dei aktuelle kommunane og på kommunane sine nettsider

Bakgrunn

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiiane vart oppretta av Miljøverndepartementet 15 mars 2011, og overtok forvaltningsmynde for alle dei åtte verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiiane. Med innføringa av felles forvaltning oppstod og behovet for ei samordning av dei eksisterande forvaltningsplanane. Verneområdestyret vart derfor oppmoda av Miljødirektoratet om å starte arbeidet med ein felles og samordna forvaltningsplan for alle verneområda dei hadde forvaltningsmynde for.

Prosess

Verneområdestyret starta arbeidet med den reviderte forvaltningsplanen gjennom formell melding om oppstart 01.02.2013. Det kom inn 35 uttaler til oppstartsmeldinga. Ei oppsummering av desse utsalane kan lesast på verneområdestyret sine nettsider www.svr.no under fana Ny forvaltningsplan. Etter dette har det vore gjennomført 15 møter med ulike brukarinteresser. Eit forslag til forvaltningsplan har vorte utarbeidd i løpet av 2013 og 2014, og 07.05.2014 sendte verneområdestyret dette forslaget til Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang. I medhald av brev frå Miljødirektoratet 06.06.2014 fekk verneområdestyret klarsignal til å sende forslaget til forvaltningsplan ut på høring.

Om forvaltningsplanen

Ein forvaltningsplan skal være eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremme verneføremål og verneverdiar. Samstundes skal den bidra til å sikre ei heilskapleg forvaltning ved å gje konkrete retningslinjer for praktisering av verneføreskriftene, samt å avklare kva som kan tillatast av verksem og tiltak. Forvaltningsplanen må utarbeidast innanfor rammene av verneføreskriftene. Planen vil og bli eit nyttig og praktisk arbeidsverktøy for forvaltningsstyresmakta i den daglege sakshandsaminga. For grunneigarar, rettshavarar og andre brukarinteresser i området vil forvaltningsplanen kunne bidra til ei meir forutsigbar forvaltning, og fungere som eit oppslagsverk når dei planlegg tiltak i verneområda. For dei punkta i forvaltningsplanen som gjev juridisk bindande bestemmingar vil godkjenninga av forvaltningsplanen være eit enkeltvedtak som partane vil ha høve til å klage på. Verneområdestyret vil underrette aktuelle partar nærmare om denne klageretten når endeleg vedtak om godkjenning av forvaltningsplanen er fatta.

Atterhald

Miljødirektoratet gjer i sin faglege gjennomgang av utkastet til forvaltningsplan verneområdestyret merksam på at dei tek etterhald om endeleg godkjenning av tre punkt i forvaltningsplanen. Dette gjeld arealgrenser for bygg og byggereglane for Grydalen hytteområde (kap. 2.3.4) og standard snøskuterløyve med åtte turar i året (kap 2.4.3). Verneområdestyret vil derfor presisere at høringsutkastet til forvaltningsplan på må oppfattast som verneområdestyrets forslag på desse punktane.

Med vennleg helsing

Tarald Myrum

Styrelseiar

Alf Odden

Verneområdeforvaltar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes ut utan signatur.